

Pandemi

Norge og verda er råka av pandemien som har årsak i eit koronavirus. Samfunnet har endra seg dei siste vekene.

I denne utgåva av bladet kan du lesa kva direktøren ved museet seier om situasjonen vi er i, og kva innverknader det har på Kraftmuseet.

Ein artikkel fortel om andre epidemiar som råka Hardanger opp gjennom historia, men du får også meir lauslege ting som historiske godbitar, dikt og foto.

Årsmøtet i Kraftmuseets Venner den 26. mars måtte avlysast. Det kjem melding om ny dato på eit seinare tidspunkt.

Grunna koronaviruset held Kraftmuseet stengt inntil vidare. Alle arrangement er avlyst eller utsett.



Korona byr på ein kraftprøve

Etter at koronaviruset gjorde seg gjeldande i Norge, måtte Kraftmuseet raskt snu seg rundt og endra både arbeidsmåte og planar. Frå og med 13. mars har alle tilsette i museet hatt heimekontor, bortsett frå tre i bygg- og anleggsavdelinga som jobbar tilnærma som normalt, trygt innafor dei retningslinjene Folkehelseinstituttet har sett. Museet vart også stengt for publikum frå denne dagen.

Etter påske har me opna for at éin tilsett om gongen kan jobba i Industriarkivet, med det omfattande Boliden-prosjektet me har gåande.

Me er svært opptekne av å halda oppe pulsen i museet, og gjera den jobben me er sette til i samfunnet. Det er ein imponerende innsats frå alle i museet, og det er ein sterk entusiasme i leiren vår. Dataprogrammet Teams er gull verd, og me møtest framfor skjermene svært ofte.

Me prioriterer digitalt formidlingsarbeid, og legg ut saker jamt og trutt i sosiale medium, både i hovudkanalane til Kraftmuseet og til KraftLaben. Det føregår òg mykje godt samlingsarbeid.

Alt tidleg i mars starta me dokumentasjon av korona-situasjonen: fotografering i Odda/Tyssedal, samling av stoff i media, etc. Dette held me fram med.

Me jobbar òg etter opphavleg tidskjema med to utstillingar som begge er planlagt opna ved starten av sommarsesongen. Utstillinga «Norsk vasskraft» i kraftstasjonen, og utstillinga «På veg» med foto av Knud Knudsen kombinert med moderne skulpturelle arbeid, denne i Lindehuset. Me har gjort avtalar slik at me kan skubba på utstillingsperioden, om det vert nødvendig.

Me kjem ikkje til å greia å få same gode besøkstal som i 2019, men jobbar hardt for å få det best mogleg. Me hadde ein sterk start på 2020 med mange skuleklassar som var med i skulesekkopplegget «Demokrati på prøve». Slikt hjelper. Situasjonen er krevjande for museet, men me har likevel ein sunn økonomi. Me meiner det er grunnlag for å støtta seg til det som står på det vidgjetne skiltet på Smelteverkstomta: «Alt kjem til å bli bra».

Direktør Knut Markhus



Foto: Dag Endre Opedal, Kraftmuseet

Epidemiar i Hardanger frå O. Kolltveit sine bygdebøker

Verda har vore råka av pandemiar fleire gonger. Den mest kjende er svartedauden som kravde ufatteleg mange menneskeliv over heile verda på 1300-talet.

Eit av dei verste pest-åra i Hardanger var 1570. Sjukdomen byllepest kom over Røldal frå Telemark og breidde seg utover heile Hardanger.

Talet på døde var så stor i Ullensvang, at kvar dag stod det sju mann på kyrkjegarden og grov opp graver. Dei måtte setta kistene oppå kvarandre i kvar grav for å få plass til alle.

Stenger med kvite flagg blei sett opp på gardane om det fanst levande att der.

I 1600 og 1618 herja pesten på ny. Marita Helgesdotter Eitrheim overlevde sjukdomen og kunne fortella at talet på døde i Odda var så stor at det kom fem, seks lik til kyrkja kvar dag, og det var ikkje nok folk att på staden til å ta seg av kyrna som stod og svolt i hel på båsane.

Etter 1600-talet var bygdene i Hardanger sparde for katastrofale epidemiar, sjølv om tyfus, koppar, tuberkulose og lepra herja frå tid til annan.

I 1750 fanst berre to legar i Bergen, og ingen elles på Vestlandet. Folk hadde uansett meir tillit til kloke koner og menn, og mange prestar la seg til med medisinsk kunnskap, der ikkje alle var like godt kvalifiserte.

Prost Nils Hertzberg var ein av dei som utmerka seg som prest med medisinske kvalitetar.

Smittesjukdomen Lepra, spedalskhet, var den mest frykta sjukdomen, og den største ulukka som kunne ramma eit menneske i tida frå 1460 til 1873. Dei sjuke blei utstøytte frå samfunnet og mange døydde i fattigdom og elendigheit før bakteria blei oppdaga og medisin kunne utviklast. Smittesjukdomen som tok flest liv på 1700-talet var koppar. Spesielt born døydde i hopetal av denne virussjukdomen. Mange familiar mista heile barneflokkar, og dei som overlevde fekk stygge arr over heile kroppen, mest gjekk det ut over ansiktet. Nokre miste syn og høyrsel, eller begge delar.

Truleg døydde 45 millioner menneske av koppar i Europa. Dødelegheita var skremmande stor blant dei smitta, kanskje 40 prosent eller meir. Over 700 born døydde av koppar i Bergen i 1741.

Tyfus tok trettiåtte liv i Hardanger i åra 1836-1845.

Tarminfeksjonen Kolera spreidde seg som ein epidemi fleire gonger på 1800-talet. Ein kolerakyrkjegard blei anlagt ved Skarsmo i Odda, og ein på Lote i Kinsarvik. Koleraepidemien i 1848 til 1850 kravde berre i Hordaland og Bergen over 1200 liv.

Tuberkulose tok livet av kring 250 000 nordmenn i tida 1895 til 1955.

Den fryktelege influensa-pandemien som vart kalla Spanskesjuka, herja over heile verda mellom 1918 og 1920 og tok fleire liv enn nokon annan sjukdom i historia. Om lag 100 millionar menneske mista livet av influensaviruset som hovudsakleg tok livet av barn og unge vaksne.

Jakob Mannsåker fortel om då spanskesjuka kom til Odda. Jakob hadde nettopp fyllt 18 år og arbeidde rundskift på kalkomnane, som gjekk for fullt under 1. verdskrigen. Midt i dette slo Spanskesjuka til og etter eit par dagar var det ingen att på skiftet. Den svenske ungguten Sixten var den første som blei smitta, han døydde få dagar seinare. Jakob var så sjuk at han låg i koma, men klarte seg. Resten av skiftet overlevde også. I mangel på noko betre, skreiv legane ut alkohol som legemiddel og kalla det helsekonjakk eller sjukebrennevin. Då kunne ein lesa i den lokale avisa:

Helsekonjakken vert å få på apoteket til den 20. d.m. Reseptar vert utskrevne til den 15. Soleis er reglane, men det er visst unødvendig å gjera kjent slike ting her i Odda.

Les heile artikkelen på www.kraftmuseet.no



Vasskraftmonumentet Elektra

Vasskraftshistoria vår strekker seg gjennom meir enn 100 år. I Tyssedal står Elektra, eit moderne monument som viser vasskrafta som vår mest berekraftige naturgjevne ressurs.

Det nasjonale vasskraftmonumentet Elektra står på Tveitahaugen, der det tidlegare Storhotellet ein gong stod, i skjæringspunktet mellom dalen ned frå fjellet, og fjorden ut i verda. Her har ein utsikt til industristaden med natur, produksjonsbygningar, institusjonar og boligar, alle lika naudsynte i heilheita. Monumentet symboliserer krafta og spenninga som vasskrafta var for Norge, samstundes som den viser framtidens bruk av høgteknologi.

Kunstnaren bak Elektra er Finn Eirik Modahl, ein av Norges mest renommerte skulptørar. Han har hatt oppdrag for både kongehuset og Stortinget.

Vasskraftmonumentet Elektra er seks og ein halv meter høgt og går i ein 75 meter vid spiral i jorda. Monumentet omfattar sneglehuset, turbinen og alfakrøllen. Skulpturen er laga av granitt og 999 lag med handskårne, horisontale glassplater. Vatn, lys og lyd er ein del av monumentet.

Bygginga blei påbegynt i 1999 og offisielt opna og innvia i 2000. Elektra er det eineste norske kunstverket som er omtala i det amerikanske tidsskriftet "Sculpture Mag".

I desse dagar vert det arbeida med eit amerikansk bokverk, i serien **Destination Art**, der Elektra vil bli omtala med tekst og foto.





Foto: Anne Gravdal, Kraftmuseet

Smil

Gjennomlysing

Ei stor skjermbildegjennomlysing var sett i verk på 1930-talet, for å oppdaga tuberkulose. Svensken Johan From sette seg til rette. Legen kikka på skjermen, stoppa opp litt og sa: *"De er svensk, De?"* *"Kan Ni værkligen se at jag er svensk gjennom den apparaten?"* Spurde From imponert.

Besøk hos Bruce

Ein gong i 1950-åra ringde ein gjeng med barn frå Eide og Hovden på heima hos direktøren på Smelteverket, svensken Bruce. Han sjølv kom ut og sa: *"Hva vil Ni?"* Då var det ei jente frå Hovden som freidig svara: *"Vi e'kje ni, vi e' åtta"*

Presentasjon

På 1960-talet kom det ein postfunksjonær til Odda, han heitte Klem Jensen. Ein dag skulle han presentera seg for ein odding og sa: *"Klem Jensen her"*. *"Kyss Hansen her"* kom det kjapt frå oddingen.

To hyl

Damene hadde sin dag på Folkabadet. På ein eller annan måte hadde ein kar kome seg inn, og fann vegen til Dampen som var fullsett med kvinnfolk. Det vart eit voldsomt hyl. I ettertid måtte karen svara på kvifor det vart hylt to gonger: *"Eg måtte jo inn igjen og be om unnskyldning!"*

Klippt frå *Odda i Manns Minne*

Nådde ikke opp

Jeg var ti.
Ho var blid,
hadde krøllete hår,
og var elleve år.
Jeg ville tro
det blei oss to.

Ho var høy.
Jeg var liten.
Nådde ikke opp
den siste biten.
Hadde jeg visst
hvor trist
det blei.

Ville jeg ikke
gått min vei.
Men stått på en krakk.
Kommet i snakk
og gitt ho en klem,
før jeg gikk hjem.
VV.

Arnardo som ung artist i Odda

I boka "Sirkusliv" fortel Arnardo om då han som arbeidslaus artist i 1935 kom over eit brev frå tilskipingskomiteen for Odda-marknaden som søkte etter ein "allsidig artist"

- Jeg skrev et brev og sendte en søknad til komiteen. Jeg skal ha 100 kroner for første kvelden, 75 kroner for neste, og 50 for de følgende kvelder. Men hvis komiteen ikke er fornøyd, skal jeg ikke ha noe, skrev jeg.

Arnardo blei i Odda i fire veker med framsyning kvar kveld. Publikum i Odda visste å verdsetja ein god artist!



Arnardo kom ofte tilbake til Odda. Her er han saman med dottera Wenche på eit bilete frå 1983.

Foto: *Hardanger Folkeblad, Kraftmuseet arkiv*

Til minne om Lasse Trædal (1945 – 2019)




Lasse Trædal under kulturminnehelga i 2009.

Foto: Dag Endre Opedal.

Lasse var lærar ved Hardanger Folkehøgskule på Lofthus, og han vart engasjert i "Odda Industristadmuseum og arkiv" i 1986. Saman med hovudprosjekt-leiar Randi Bårtvedt, fekk han stor tyding for den nye givnen og interessa for vår nære historie om industristadane og industrien.

Han leidde prosjektet "Aktive eldre, arbeidsfolk fortel". Intervju og foto vart



samla inn gjennom fem samlingar på folkehøgskulen og i tida etter.

Lasse var ein svært lun og lyttande person og boka «Odda - arbeidsfolk fortel» som kom ut til

Odda kommune sitt 75-års jubileum i 1988, vart ein ubetinga suksess. Lasse sin form var noko nytt for oss. Han formidla historien så direkte, nært og folkeleg.

Han skreiv òg deler av jubileumsboka for LO i indre Hardanger og han sto for mykje av intervjustoffet og det munnlege preget på boka "Smeltedigelen" om Odda smelteverk, - også den ein suksess.

Ungdomsboka "Da storindustrien kom til Norge" skreiv han etter at familien var flytta til Sandøya utanfor Tvedestrand.

Boka handlar eigentleg om Odda og Tyssedal. Slik prøvde han å løfta den lokale historien opp på eit nasjonalt plan.

Ved sida av å vera lærar fram til 2007, heldt han fram med å intervjuja arbeidsfolk og skriva bøker om sjøfolk, skogsarbeid, og arbeid ved Nes Jernverk. Etter at Smelteverket var lagt ned, var han engasjert av Kraftmuseet til eit intervjuprosjekt knytt til smia på Odda Smelteverk.

Lasse Trædal var aldri tilsett ved Kraftmuseet, men likevel var han ein svært viktig medspelar. Kraftmuseet skuldar han stor takk for det viktige arbeidet han utførte og måten han var ein god kollega på. Lasse sleit med Parkinson og andre helseplager dei siste åra. Han døydde 19. juli 2019 og etterlet seg kona Marit, fire barn og seks barnebarn. Sonen Eivind Trædal skreiv eit fint minneord om faren i Klassekampen 27.7.2019.

For Kraftmuseet, Brita Jordal

50 år sidan Folkets Hus i Odda vart rive

1970 var starten på det tiåret som skulle verta hugsa som då dei monumentale, historiske bygga i Odda vart rivne. Allereie i 1969 hadde Odda kommune og styret i Folkets Hus underteikna ein rivingskontrakt. Arbeidet med rivninga starta i 1970 og var ferdig i 1971.

Dei gamle murane vart brotne ned og steinen køyrd vekk med store lastebilar - dei same steinane som arbeidara- ne på Karbiden og Cyanamiden hadde slite opp frå kaia på handkjerrar medan kjerring og ungar gjekk bak og skuva på lasset. Det var eit heilt arbeid å få bryte ned murane, fortel folk, det var eit solid byggverk rallaren hadde reist i 1914.

Læraren og poeten Lars Øye skreiv eit dikt om Folkets Hus som ein kan lesa i boka **"Odda - arbeidsfolk fortel"** av Lasse Trædal. Her er eitt av versa:

*No lyftest helletaket
og veggen bankast bort,
og det som vert tilbake
er stivna støv og lort.
Men ånda bergar livet
og svevar ut i smug,
og når så alt er rive,
ho bur i kvarmanns hug.*

Lars Øye



Samvirkelaget "Koop'en" hadde bakeri og kolonial i Folkets Hus. I øvste høgda var det husvære for vaktmeistefamilien, og rom for jenter som arbeidde i kjøkenet og kaféen.

Foto: Kraftmuseet arkiv

Retur: Kraftmuseet, Naustbakken 7, 5770 TYSSDAL

Verv medlemmer til vennelaget!

Som medlem får du gratis inngang for deg, og den næraste familie (ved familiemedlemskap) i museet si ordinære opningstid. Du kan delta på Vennelaget sine årlege turar og arrangement.

Bladet Liv og Rør kjem i posten med informasjon frå Kraftmuseet og Kraftmuseets Venner. Du er med på å støtta stiftinga Kraftmuseet. Bli med i **Kraftmuseets Venner** og arbeid for eit godt museum for Odda og Tyssedal, for vasskrafta og prosessindustrien og deira bidrag til bygginga av det moderne Norge!

Kontingentsatsar:

Kraftmuseets Venner har også eiga facebook-side! Om du har lyst til å like oss, finn du sida her:

www.facebook.no/kraftmuseetsvenner
www.facebook.com/kraftmuseet



Enkeltmedlemmer:	kr	150
Familiar:	kr	200
Foreningar og lag:	kr	300
Bedrifter, skular, osb.:	kr	1 000

Kontakt: Leiar Bjørn Seim

E-post: bjoesei@online.no

Tlf.: 957 53 764

Kasserar: Eva Strand Brattespe

E-post: eva.brattespe@kinsarvik.net

På nettsida **www.digitaltmuseum.no** kan du leita gjennom Kraftmuseet sine om lag 16000 historiske fotografi. Finn du eit foto du kunne tenka deg å ha, tek du kontakt med fotoavdelinga.

siri@kraftmuseet.no for tinging.

DigitaltMuseum

Skal du arrangera kurs, seminar eller konferanse?

Vi skreddarsyr opplevingar i historiske omgjevnader: kulturinnslag, omvisingar, turar, lagbygging, konsertar, etc.

Kontakt oss for tilbod: post@kraftmuseet.no - 53 65 00 50



www.kraftmuseet.no, www.facebook.com/kraftmuseet